

Íslendingabók vurdert som bispestolskrønike

Det vesle verket *Íslendingabók* av Ari inn fróði har ein heilt spesiell plass i den islandske litteraturhistoria i kraft av at dette er eit av dei eldste — kanskje det eldste — verket som vart skriva på norrønt mál. *Íslendingabók* stár også i ei litteraturhistorisk særstilling fordi dette vesle verket ikkje synest å høve inn i nokon av dei genrane ein tradisjonelt har inndelt den seinare islandske litteraturen i. Endå meir påfallande er kanskje at ein ikkje har kunne peike på klare utanlandske førebilete for *Íslendingabók*. Det same kan ein også seie om det samtidige verket *Frum-Landnáma*, som også kan vere etter Ari. *Íslendingabók* — og *Frum-Landnáma* — som så og seie innleiar den islandske litterære produksjonen på norrønt mál, har såleis vorte ståande som ein svært original litteratur. Og det har sjølvsagt vore nærliggjande å ta *Íslendingabók* til inntekt for eit litteratursyn som går ut på at den islandske litteraturen om heimlege emne frå første stund var ein original, sjølvstendig og nasjonal litteratur som var lite bunden av framande førebilete. Men eit slikt litteratursyn har vorte meir og meir problematisk etter som granskinga har avslørt mange og sterke samband mellom europeisk litteratur og den islandske saga-litteraturen.

Eg kan sjølvsagt ikkje peike på klare litterære førebilete for *Íslendingabók* i den europeiske litteraturen. Om slike fanst, ville dei ha vore oppdaga for lenge sidan. Men eg meiner likevel det er grunn til å sjå nærmare på forholdet mellom *Íslendingabók* og eventuelle europeiske førebilete. Ari har utan tvil kjent ein del europeisk litteratur. Han viser sjølv til eit skriftleg verk om den engelske St. Játmundr. Det er av fleire ført fram argument for at han også har kjent eit verk av Beda, og at han har etablert kronologien ved hjelp av opplysningar i dette verket (Sigfússon 1944, 77–80; Halvorsen 1958, 146n5; Einarsdóttir 1964, 24–29; Ellehøj 1965, 76–77; Benediktsson 1968, xxii–xxiii), men det har også vore argumentert mot dette synet, og for at Ari byggjer på eit Gregorsvita (Louis-Jensen 1976, 273). Diskusjonen om kva verk Ari kan ha kjent og nytta for å etablere ein kronologi, skal eg ikkje ta opp. Eg vil her rette søkjelyset mot eitt av dei andre verka som har vore inne i diskusjonen som ei mogeleg kjelde for Ari

når det gjeld nokre få opplysningar om forhold og hendingar utanfor Island, nemleg Adam av Bremens *Gesta Hammaburgensis ecclesiae pontificum*.

Tesen min er at *Íslendingabók* er den første freistnaden på å skrive ei islandsk bispekrønike, og at det nærmaste førebiletet for denne typen bispekrønike som ikkje er spesielt personsentrert, men områdesentrert, mest truleg var Adam av Bremens *Gesta Hammaburgensis ecclesiae pontificum*, og eg vil i det følgjande føre fram nokre argument for dette synet.

No har det vore ein del diskutert om Ari i det heile kjende verket til Adam av Bremen. Nokre forskarar har meint å kunne peike på opplysningar hjå Ari som han kunne ha frå Adam av Bremen. Andre tvilar sterkt på at Adam av Bremen har vore nytta (Sigfússon 1944, 27–28, 76; Einarisdóttir 1964, 23; Ellehøj 1965, 66–67, 78, 80; Benediktsson 1968, xxiv–xxv). Opplysningane det gjeld er tidfestinga av slaget ved Svolder og ei opplysning om at Leo 9. var pave då Ísleifr vart vigd til bisp. Dette er ei feil opplysning hjå Adam som ein finn att hjå Ari. Desse punkta kan ein neppe ta som eit prov på at Ari har kjent og brukt *Gesta Hammaburgensis ecclesiae pontificum*, men om ein ikkje kan identifisere ei einaste opplysning som er henta frå Adam av Bremen, så kan ein av den grunn ikkje dra den konklusjonen at Ari ikkje kjenner Adams verk eller har brukt det. Adam har knapt nok opplysningar som er interessante for Ari. Når det gjeld det emnet Ari skal skrive om, Island, så veit han langt meir om det emnet enn Adam. Det er ikkje som kjelde til konkrete opplysningar Adam av Bremen er mest aktuell, men som litterært mønster og eventuelt inspirasjonskjelde for Ari.

Når ein vurderer kor sannsynleg det er at Ari kjende *Gesta Hammaburgensis ecclesiae pontificum*, så er det ikkje berre sikre eller sannsynlege belegg på at den yngre teksten er avhengig av den eldre ein bør ta omsyn til, også ytre forhold som kontakten mellom Island og erkebispesetet i Hamburg/Bremen og at *Íslendingabók* i følge sitt eige føreord kan ha kome til på kyrkjeleg initiativ, er moment som bør dragast inn. Og når ein vurderer kor sannsynleg det er at ein tekst er avhengig av ein annan, er det ikkje berre direkte påviselege lån i form av opplysningar og identifiserbare tekstbrokkar ein må ta med i vurderinga, men også om her er så stor likskap i innhald og oppbygging at det av den grunn kan vere grunnlag for å tru at den eldre teksten har vore kjend av forfatternen til den yngre teksten.

At Ari eventuelt kjende Adam av Bremens *Gesta Hammaburgensis ecclesiae pontificum*, har for dei fleste som har uttalt seg om spørsmålet, vore einsty-dande med at verket var tilgjengeleg på Island då Ari skreiv *Íslendingabók*. Aksel E. Christensen har argumentert for at Ari kunne ha kome til Lund og vorte kjend med ei avskrift av *Gesta Hammaburgensis ecclesiae pontificum* der (Christensen 1975, 31–34). Ein kan sjølv sagt ikkje så bort frå at Ari hadde vorte kjend med Adam av Bremens verk i utlandet sjølv om vi ikkje har nokon opplysningar som fortel at Ari hadde vore utanlands, men eg vil heller halde fram det sannsynlege i at Ari kjende *Gesta Hammaburgensis ecclesiae pontificum* og at det er historiske forhold som gjer det sannsynleg at verket var kjent på Island i

dei krinsar der Ari vanka. Den tid Adam var ved erkebispesetet i Hamburg/Bremen var dette erkebispesete for heile Norden. Adam kom til erkebispesetet i 1066 eller 1067. Etter at han kom til Bremen, byrja han å skrive saga til erkebispesetet, og verket vart fullført mellom 1073 og 1075. Ísleifr, den første bispen på Island, vart vigd til bisp av erkebisen av Hamburg/Bremen i 1056, altså før Adam var komen til erkebispestolen, Ísleifr hadde også fått opplæringa si i Saksland. Også son til Ísleifr, Gizurr, som vart bisp etter faren, fekk opplæringa si i Saksland, og ein skulle tru han vart godt kjend med den kyrkjelege litteraturen som vart produsert i dette området. Gizurr vart også vigd til bisp i Saksland i året 1082, dette skjedde rett nok ikkje i Bremen, men i Magdeburg. Den islandske bispen Gizurr var bror til Teitr som Ari rekna som sin fosterfar. Kontakten mellom Nord-Tyskland og miljøet ved den eldste islandske bispestolen er altså uvanleg god.

Då Adam skreiv saga om erkebispestolen i Hamburg/Bremen, låg Island under denne erkebispestolen, og Adam måtte difor også skrive om Island. Adam brukar både skriftlege og munnlege kjelder. Island identifiserer han med Thule hjå eldre forfattarar, men når han skal skrive om tilhøva på Island, må han bruke munnlege kjelder. Desse kjeldene er ikkje identifiserte. Det har vore gissa på at han siterer ein tradisjon som kan skrive seg frå Ísleifr (Henrichsen 1930, 228n), då sjølv sagt ikkje direkte, men at han eventuelt siterer ein tradisjon som har gått gjennom heimelsmenn som hadde møtt Ísleifr då han vart via til bisp nesten 20 år tidlegare, eventuelt alt då han studerte i Saksland. Forhold i verket som kan tyde på at Adam for opplysningane om Island — og for så vidt også for opplysningane om Grønland, byggjer på ein tradisjon som ikkje lenger er heilt ny på det tidspunktet Adam skriv *Gesta Hammaburgensis ecclesiae pontificum*, er at han fleire stader brukar formuleringar som gjev inntrykk av at begge desse landa er heilt nykristna. I bok 4, kap. 36 står det om islendingane: “Hvad dem angaar, takkede vor Ærkebisp Gud umaadelig meget, fordi de omvendte sig paa hans Tid” (Henrichsen 1930). Litt seinare i same kapittel står det om Ísleifr: “Denne, der var blevet sendt til Ærkebisen fra det omtalte Land, maatte en Tid lang blive hos ham under overordentlig store Æresbevisninger og lærte imidlertid, hvorledes han med Gavn kunde undervise disse Folk, der nylig var omvendt til Kristendommen” (Henrichsen 1930). Om folket på Grønland seier Adam i bok 4, kap. 37: “Rygtet siger, at Kristendommen nylig er naaet ogsaa til dem” (Henrichsen 1930). Om desse opplysningane hjå Adam byggjer på ein tradisjon som er nærmare ein generasjon gamal, passar det betre enn om Adam her skulle byggje på ferske opplysningar frå Island og Grønland.

Det er også sider ved innhaldet i denne tradisjonen som kan tyde på at Adam ikkje har fått opplysningane sine direkte frå islendingar, men at tradisjonen har mellomlekkar, og at den meddiktande fantasien både hjå tradisjonsberarar — og hjå Adam sjølv — har fått tid til å setje inn, som når han m.a. fortel i bok 4, kap. 36 at isen på Island på grunn av elde kan verte så svart og turr at han kan brenne, og når han i neste kapittel fortel at folket på Grønland er grøne fordi

dei har teke farge av havet. Slike skildringar er likevel langt mindre fantastiske enn dei som gjeld dei austlege grenseområda til Norden, så det er all grunn til å tru at Adam byggjer på ein historisk tradisjon som i siste innstans skriv seg frå islendingar.

Adam av Bremen omtalar islendingane i meir rosande vendingar enn dei andre nordiske folka. Carsten Henrichsen ser det som ein tendens Adam kan ha frå eldre forfattarar som Martian og Solinus til å idealisere naturfolk (Henrichsen 1930, 289n), men det er også trekk ved framstillinga av islendingane som best let seg forklare om vi har med ein tradisjon etter islendingar å gjere. Eit slikt trekk er t.d. omtalen av slaget på Stiklestad i bok 2, kap. 61. Her står det om Olav den heilage: “Derfor samlede han fra Svenskernes konge, hvis Datter han havde til Hustru, og fra Islands folk, en umaadelig Mængde væbnede Mænd og gjenerobrede sit fædrene Rige med Vaabenmagt” (Henrichsen 1930). Ei slik overdriving av islendingane sin innsats må høgst sannsynleg skrive seg frå ein islandsk tradisjon, men den betydelege feilen i framstillinga av saksforholda elles, at kongen vann landet tilbake, tyder på at tradisjonen har mellomlekkar. Ein mellomlekk tilbake til den islandske tradisjonen som Adam kan ha henta opplysningar frå om Island og islandske tilhøve, kan ganske sikkert identifiserast som erkebisp Adalbert, for som i eitt av sitata ovanfor hender det at Adam viser til erkebispem der han omtalar Island.

At Island i Adams tid låg under erkebispesetet i Bremen og altså vart oppfatta av Adams verk, kunne vere meir enn god nok grunn til at *Gesta Hammaburgensis ecclesiae pontificum* vart eksportert til Island. Den svært nære kontakten dei to første islandske bispene hadde nettopp med Nord-Tyskland kunne vere ein vidare grunn, og endeleg er det eit noko ope spørsmål om Ísleifr, som enno var bisp på det tidspunktet *Gesta Hammaburgensis ecclesiae pontificum* vart avslutta, faktisk var ein indirekte heimelsmann, og om Adam eventuelt var klar over det. I tilfelle kunne også det vere ein grunn til at den gamle bispem — eventuelt seinare sonen — fekk Adams verk.

Om Ari kjende Adams verk, så kunne nettopp kjennskapen til dette verket verte ein inspirasjon til å skrive meir om Island. Men om han meinte å skrive eit verk av same type, ei bispestolskrønike, så skulle ein også vente å finne visse parallellar både i ordninga av stoffet og i innhaldet.

Aris korte *Íslendingabók* og *Gesta Hammaburgensis ecclesiae pontificum* er to verk som i stil og omfang er svært ulike. Difor er ikkje eventuelle parallellar lette å få augo på, dei vert på ein måte borte i stoffmengda i *Gesta Hammaburgensis ecclesiae pontificum*. Men det spørs om der likevel er nokre om vi ser godt etter.

Íslendingabók byrjar med å fortelje at Island vart folkesett frå Noreg og når det skjedde. Dette kan verke som ei sjølvsgd innleiing til verket, nesten den einaste naturlege. Men slik vert denne innleiinga truleg oppfatta fordi vi kjenner henne som ei standardinnleiing i storparten av islendingesogene. Men då Ari skreiv *Íslendingabók*, fanst det ikkje skriftlege mønster for ein slik måte å innleie

eit skriftleg verk på i islandsk litteratur. På den bakgrunnen vert det kanskje litt meir interessant at Adam av Bremen innleiar *Gesta Hammaburgensis ecclesiae pontificum* med å fortelje om landskapet Saksen, og så fortel han innleiingsvis i verket, bok 1, kap. 3, kvar folka i dette landskapet kom frå.

I samband med at Adam fortel om at saksarane vandra inn til Saksen, nemner han også at tidlegare budde der eit anna folk som vandra ut, svevarane. Det er kanskje ikkje ein særleg nær parallell, men det kan ha gjeve Ari den ideen at han burde nemne at heller ikkje nordmennene som kom til Island, var dei første folka i landet. Tidlegare var irske munkar der.

I bok 1, kap. 8 av *Gesta Hammaburgensis ecclesiae pontificum* fortel Adam av Bremen om at saksarane vert omvende til kristendomen. Her fortel han først at dette skjer etter krav frå frankarkongen, så fortel han om forkynnarane og misjonærane, og endeleg om at saksarane går over til kristendomen og let seg døype. Deretter byrjar den eigentlege bispekrønika som set bispen i sentrum. I *Íslendingabók* kap. 7 finn vi att dei same punkta. Først vert det fortalt at det var norskekongen, Olav Tryggvason, som innførte kristendomen også på Island, så vert det fortalt at han sende Þangbrandr som misjonær, og endeleg om at islendingane går over til kristendomen og let seg døype. Deretter går også Ari over til å fortelje om bispane. Stoffutvalet på dette punktet er altså svært parallelt.

I eit dokument — rett nok falskt — som Adam siterer i bok 1, kap. 10, er det m.a. opplyst at tiende vert innført, at det vert oppretta eit bispesete i Bremen, og at det vert lagt jordegods til bispestolen. I *Íslendingabók* kap. 10 vert det fortalt at Gizurr innfører tiende, at han opprettar eit bispesete i Skálholt og at han legg gods til bispesetet. Dette er sjølv sagt opplysningar om Gizurr som det er naturleg for Ari å ta med, men det er likevel verdt å merkje seg at tilsvarande opplysningar i den same rekkefølga finst i *Gesta Hammaburgensis ecclesiae pontificum*.

Ari er ein kritisk forfattar som nemner heimelsmenn og som vurderer dei som tradisjonsberarar. Det har tidlegare vore peikt på at dette kan Ari ha lært av Beda. Men også Adam av Bremen viser til heimelsmenn på den same måten som Ari.

Det er også eit par sider ved *Íslendingabók*, både ting som står der, og ting som ikkje står der, som etter mitt syn lettare får si forklaring om ein ser *Gesta Hammaburgensis ecclesiae pontificum* som eit mønster. Det er t.d. noko påfallande at *Íslendingabók* fortel relativt fyldig om dei to første bispane i Skálholt, medan det eigentleg ikkje er fortalt noko om den første bispen på Hólar, Jón Ögmundarson, som vart bisp i 1106 og som døde i 1121. Det vert fortalt at nordlendingafjerdingen vert skilt frå som eige bispedøme, og at Jón vert utnemnd som bisp. Men alt er sett frå synsvinkelen i Skálholt. Det er ikkje merkeleg at Ari ikkje skriv om dei to som er bispar på den tida han skriv *Íslendingabók*, Þorlákr i Skálholt og Ketill på Hólar, som også er dei to bispane han viser *Íslendingabók* til. Men heile Jóns bispetid må truleg liggje i fortida då *Íslendingabók* vert skriven i og med at Ketill vert omtala som bisp, i alle fall er Jón død på det tidspunktet Ari viser utkastet til *Íslendingabók* til bispane. *Íslendingabók* fokuserer altså mot Skálholt og bispane der, og Hólar er sedd frå denne synsvinkelen.

Dette kunne sikkert finne ei tilfredsstillande forklaring i interne islandske forhold, men det kan også vere eit moment å ta med i forklaringa at dersom Ari hadde Adam av Bremens framstilling som mønster, så vart det svært naturleg å fokusere mot det han såg som den sentrale og viktige bispestolen, og Hólar og bispen der ville verte behandla meir etter den mal som gjeld for omtalen av lydbispane i *Gesta Hammaburgensis ecclesiae pontificum*.

Eit kapittel i *Íslendingabók* som etter mange si meining fell noko utanfor samanhengen i verket, er kapittel 6 som fortel om Grønland. Dersom vi går til Adam av Bremen, så kan det der sjå ut som Grønland vert oppfatta som eit område som låg under den første islandske bispen. I bok 4, kap. 36 står det at erkebisen sende med Ísleifr brev til kyrkjelydane på Island og på Grønland. Dette kan neppe oppfatast på annan måte enn at erkebisen — og den islandske bispen — hadde den oppfatninga at Grønland låg under den islandske bispestolen. Realitetane i dette er sikkert diskutabile. Men om dette var oppfatninga ved bispestolen på Skálholt, og *Íslendingabók* er meint å vere ei bispestolskrønike, så fell omtalen av Grønland heilt på plass. Ari omtalar då Grønland på same måten som Adam omtalar Norden.

I følgje prologen i *Íslendingabók* er det også mykje som tyder på at verket vart til etter kyrkjeleg initiativ. “Íslendingabók gørða ek fyrst byskupum órum, Þorláki ok Katli, ok sýndak bæði þeim ok Sæmundi presti”, seier Ari (Benediktsson 1968, 3). Av innhaldet er det rett nok ikkje heilt klart kva rolle bispane og Sæmundr har spela. Ein kunne tenkje seg at Ari skreiv *Íslendingabók* etter eige initiativ, og utan på førehand å ha informert bispane og Sæmundr om føretaket, men uttrykkjer seg som han gjer fordi han har hatt i tankane å vise boka til bispane og Sæmundr for å få deira godkjenning av arbeidet. Ei slik tolking gjev likevel inga tilfredsstillande forklaring på den skilnaden som er gjord mellom bispane på den eine sida og Sæmundr på den andre. Etter prologen å dømme har bispane spela ei anna rolle enn Sæmundr. Ari skreiv *Íslendingabók* for bispane, ikkje for Sæmundr, men alle tre har lese boka og gjeve råd. Skiljet kunne kanskje forklarast med at Ari ville framheve bispane på grunn av standskilnaden. Men Aris eigen tekst let seg lettast tolke slik at bispane formelt og reelt står i ei anna stilling enn Sæmundr. Formuleringa tyder helst på at bispane er oppdragsgjevarar. Dette er også ei vanleg tolking av denne formuleringa i prologen. Sæmundr er som eldre forfattar ein litterær autoritet som anten bispane eller Ari sjølv gjerne vil skal lese manuskriptet.

Dersom bispane skulle vere oppdragsgjevarar, som formuleringa i prologen etter mitt syn helst tyder på, er det noko som ikkje gjer det mindre sannsynleg at *Íslendingabók* primært er å sjå som kyrkjeleg litteratur og skriven ut ifrå kyrkja sine interesser. Med kva siktemål *Íslendingabók* er skriven og kva slags interesser verket skal fremje, er eit av dei spørsmåla som har vore ein del diskutert. Det er særleg to moglege siktemål med verket som har vore dregne fram. Det eine er at *Íslendingabók* vart skriven som eit argument for å få kristenretten vedteken, det andre er at verket — på bakgrunn av dei store stridane som var i landet 1120-

21 — skal mane folket til å løyse konflikhtar gjennom lova, og gjennom dømme frå historia viser korleis konflikhtar skal løysast (om syna på dette spørsmålet, sjå Benediktsson 1968, xviii–xix, med tilvising til tidlegare forskarar). Det har også vore peikt på at ei historieoppfatning som kan kome til uttrykk i verket, er at i forhistoria til eit kriste folk finn ein gjenspegla saga til Israel (Tómasson 1988, 288). Alt dette kan godt ha vore i tankane til Ari då han skreiv *Íslendingabók* utan at vi kan slå fast at det har vore eit hovudpoeng med verket. Det vi vel kan vere temmeleg sikre på er at verket, som bispane er så involverte i, på ein eller annan måte skal fremje kyrkja sine interesser. Om verket er meint som ei bispestolskrønike, er det sjølvsagt også meininga at verket skal kaste glans over kyrkja og auke vurnaden til kyrkja og kyrkja sine menn.

Så kan ein spørje seg om innhaldet i *Íslendingabók* er slik at verket kan forsvare karakteristikken bispestolskrønike. Av dei ti kapitla handlar dei to siste om dei to første bispane i Skálholt. Det tredje siste kapitlet reknar opp dei utanlandske bispane som hadde opphalde seg på Island, og det fjerde siste kapitlet fortel om innføringa av kristendomen. Det vil seie at frå og med innføringa av kristendomen er interessa klart sentrert kring bispane og bispestolane. At det femte siste kapitlet, kapitlet som handlar om Grønland, kan forsvare si plassering nettopp dersom ein ser på verket som ei bispestolskrønike, har eg alt argumentert for. Spørsmålet vert så vidare: etter kva prinsipp og med kva siktemål er innhaldet i dei fem første kapitla valt ut dersom dette stoffet skal byggje opp mot det verket endar med, saga om bispestolen i Skálholt?

Det første kapitlet fortel om korleis Island vart folkesett. Som eg alt har peikt på har denne innleiinga ein parallell i bispestolskrønika *Gesta Hammaburgensis ecclesiae pontificum*. Det andre kapitlet byrjar med å nemne tre landnåmsmenn og ei landnåmskvinne, ein representant for kvar fjerding. Eg har i eit tidlegare arbeid (1984) argumentert for at *Íslendingabók* i den utforming vi har verket, har fått si form med tanke på å stå først i eit samlehandskrift som også har innehalde *Ættar tala* og *Konunga æfi*. Der hevdar eg at opprekningane av dei fire landnåmsmennene, som også er forfedrar eller formor til alle bispane i landet, er sett inn for å binde *Íslendingabók* til ein del i samlehandskriftet som følgjer etter den eigentlege *Íslendingabók*, og som er bevart saman med *Íslendingabók* under overskrifta “Þetta es kyn byskupa Íslendinga ok ættartala”. Men om dette er hovudfunksjonen til avsnittet, kan det også ha ein funksjon innanfor ramma av *Íslendingabók*. Det kan peike framover mot kapittel 5 som fortel om inndelinga i fjerdingar. Resten av kapittel 2 er via Úlfjótsslög, den første islandske lova som i følgje Ari vart skipa etter mønster av den norske Gulatingslova, og kapittel 2 går naturleg over i kapittel 3 som fortel at alltinget vert sett, og vi får bakgrunnen for at tinget vert lagt der det ligg, nemleg at ein mann vert dømd fredlaus for mordet på ein træl eller løysing, og vert frådømd land som kan brukast til plass for alltinget.

Det fjerde kapitlet er via tidsrekning og innføringa av *sumarauki*. Kapitlet er også nær knytt til det føregåande i og med at også tidsrekninga vert

vedteken på alltinget. Det femte kapittelet fortel at landet vart inndelt i fjerdingar, og det vert fortalt om brotsverket, innebrenninga av Þorkell Blund-Ketilsson, som fører til omorganisering av tinga og fjerdingsinndelinga. I kapitla 3, 5, 8, 9 og 10 er også dei lovseiemenn som er samtidige med hendingane det vert fortalt om, rekna opp. Lov, ting og tidsrekning er altså emne som vert via stor interesse i innleiinga til *Íslendingabók*. Men det er ikkje dermed sagt at dei ulike emna i *Íslendingabók* er sideordna.

Om ein ser den siste delen av verket som er sentrert kring framveksten av den første bispestolen på Island som det sentrale, så kan det vere naturleg å lese *Íslendingabók* baklengs og sjå om det som står i den første halvdelan av verket kan motiverast ut ifrå den delen som kan karakteriserast som ei bispestolskrønike. Om ein les *Íslendingabók* baklengs, så vert det ganske rimeleg at det innleiingsvis i boka må seiast noko om lova, alltinget, lovseiemennene og fjerdingsinndelinga. Kristendomen vart innført på alltinget som lov, og lovseiemannen spelte ei vesentleg rolle i denne samanhengen. Innføringa av kristendomen må vere med i eit verk som skal fortelje om den første islandske bispestolen, men det er ganske umogeleg å fortelje om innføringa av kristendomen på Island utan først å gjere greie for det islandske rettssystemet med lov, ting og lovseiemann. Vidare vart bispane valde på alltinget, også av den grunn er omtalen av det som har med ting og tingordning å gjere, ein naudsynleg bakgrunn for framstillinga av ei islandsk bispestolskrønike. Motiveringa for å fortelje om fjerdingsinndelinga kan ein truleg også finne i den delen som handlar om bispane og bispedøma, for bispedømeinndelinga på Island byggjer nettopp på fjerdingsinndelinga.

Rett kronologi var viktig for kyrkja. Kapittel 4 som fortel om innføringa av sommarauken, kan forsvare sin plass av denne grunn. Det same kan opprekningane av funksjonstida til lovseiemennene. Desse opprekningane dannar ryggrada i den islandske interne kronologien, og hendingar i den islandske historia kan knytast til den europeiske historia og til kristen tidsrekning ved hjelp av lovseiemannslistene og dødsåra/regjeringsåra til norske og engelske kongar som igjen direkte eller indirekte er tidfeste i forhold til Kristi fødsel.

Det er ingen tvil om at dei første kapitla av *Íslendingabók* også legg stor vekt på framveksten av den verdslege institusjonen tinget, og det er neppe tvil om at for Ari er det eit hovudpoeng å få fram kor intimt knytte verdsleg og kyrkjeleg makt er til kvarandre. Ein bodskap i verket er: med lov skal land byggjast, og ikkje med ulov øydast, som det vart formulert i *Eldre Frostatingslov* 4.52. Ein kan til og med seie at moralen i verket er at også av ufred og brotsverk kan det kome noko godt berre lova får verke. Bak grunnlegginga av alltinget ligg mordet på ein træl, bak fjerdingsinndelinga ligg ei innebrenne. Og kristendomen, som på eit kritisk tidspunkt i landet si søge hadde sprengkraft til å løyse opp lova, har også den same krafta til å samle folket om ei ny, betre og kristen lov. Når Ari fortel at heidningar og kristne først sa seg or lova med kvarandre, og deretter gjekk saman om å vedta ei ny felles lov, vert kristendomen som del av lova og fundamentet under samfunnsordninga uvanleg sterkt markert. I det lange per-

spektivet som er saga til landet, vert det klart at alt vender seg til det beste for det folk som held lov og kristendom i ære.

At *Íslendingabók* byggjer opp mot den siste delen som handlar om innføringa av kristendomen og framveksten av den første — og viktigaste — islandske bispestolen, og at den første delen av verket er underordne den siste, kan ein også finne argument for i det faktum at først når ein kjem til bispane, får vi ei kronologisk samanhengande framstilling. I den første delen av verket kjem dei hendingane som er nemnde, rett nok i kronologisk ordning, men det er ingen indre samheng mellom dei. Dei tidlege kapitla er ikkje relaterte til kvarandre, men til siste delen av verket.

Namnet *Íslendingabók* eller *Libellus Islandorum* kan ved første augnekast verke som lite velvalt dersom ein går ut frå at forfattaren hadde i sinne å skrive ei bispestolskrønike. Tittelen kunne oppfattast som eit argument mot ein slik teori og som støtte for det tradisjonelle synet at verket er meint som ei Islandshistorie meir generelt. Men ein skal heller ikkje sjå bort frå at namnet *Íslendingabók* på eit verk som er meint som ei bispestolskrønike, kan signalisere eit syn både på den islandske historia og på den islandske kyrkja si rolle i samfunnet.

I følge Adam av Bremens *Gesta Hammaburgensis ecclesiae pontificum*, bok 4, kap. 36, såg islendingane på bispen sin som ein konge. Denne utsegna seier kanskje vel så mykje om pretensjonane til kyrkjehovdingar i Nord-Tyskland som om islandske forhold, men korkje Ari eller dei islandske bispane har neppe mislikt samanlikninga. Det kan vere ein direkte refleks av denne utsegna hjå Adam av Bremen ein møter i *Hungrvaka*, kap. 5, der det er sagt om Gizurr: “ok var røtt at segja, at hann var bæði konúgr ok biskup yfir landinu meðan han lifði” (Sigurðsson og Vigfússon 1858, 67). I *Íslendingabók* møter vi ikkje eit slikt syn på kyrkja og bispane så klart uttrykt; men det er neppe tvil om at også *Íslendingabók* framhevar kyrkja som den statsberande institusjonen. Islands historie kan ein seie vert framstilt som ei utvikling frå kongedøme til bispedøme. I dei tidlege kapitla som handlar om dei heidne tida, er det også eit og anna som peikar framover mot slutten av verket der Island tek sin plass i den kristne historia. I dei tidlege kapitla får ein framstilt den islandske historia i heiden tid, men bak anar ein den kristne historia som går parallelt med den heidne og som renn saman i år 1000. Omtalen av dei irske munkane som let etter seg heilage gjenstander, kan gje inntrykk av at islendingane kjem til eit land som alt er vigsla til kristendomen. Omtalen av dei tre landnåmsmennene og den eine landnåmskvinna i kapittel 2 peikar ikkje berre framover mot fjerdingsinndelinga, her har vi også stamfedrane og stammora til bispane i landet. Det kristne samfunnet med bispane på toppen som veks fram, byggjer på det førkristne samfunnet. Bispedøma byggjer på fjerdingsinndelinga. Den kristne lova som vert vedteken på alltinget år 1000, byggjer på den heidne, tienden som Gizurr fekk innført er ikkje den første “skatt” folket betalar, Ari nemner landaurar og penningen som alle gav til Grímr geitskør for å leite etter tingplass. Om ein les *Íslendingabók* som ei skildring av utviklinga av det islandske samfunnet til det har nådd si form, er

dette eit samfunn som får ei styreordning ulik alle andre samfunn. Islendingane hadde ikkje ein konge, men ein bisp over seg. Mønsteret for den første freistnaden på å skrive Islands historie, kunne difor ikkje verte ei kongekrønike, men ei bispekrønike.

Kva slags verk Ari hadde i sinne å skrive, og i kva grad han — og bispane — søkte mønster i europeisk litteratur, er eit spørsmål som er særleg interessant i ein litteraturhistorisk samanheng, fordi svaret på dette spørsmålet vil seie noko om kor avhengig eller uavhengig den islandske litteraturen i utgangspunktet er av europeiske mønster. Etter mitt syn sluttar *Íslendingabók*, som kanskje er det eldste verket på norrønt mál, seg nærmare til eit europeisk mønster, bispekrønika, enn det som har vore oppfatninga. Men samstundes er det openlyst at Ari viser stort sjølvstende. Han skriv på morsmålet i ein stil som neppe har mønster i europeisk litteratur. Her er ingen direkte subjektive vurderingar av dei hendingar det vert fortalt om, og som i den seinare sagalitteraturen er her inga fordøming av heidendomen. Frå første stund ser det ut for at ein nasjonal kultur og heimlege holdningar er i stand til å setje sitt umiskjennelege preg på den islandske litteraturen, dei underliggjande europeiske mønstra kan då verte vanskelege å få augo på.

Bibliografi

- Benediktsson, Jakob, utg. 1968. *Íslendingabók, Landnámabók*. Íslenzk fornrit 1. Reykjavík: Hið íslenzka fornritafélag.
- Christensen, Aksel E. 1975. "Om kronologien i Aris *Íslendingabók* og dens laan fra Adam af Bremen." I *Nordiske Studier: Festskrift til Chr. Westergård-Nielsen på 65-årsdagen den 24. november 1975*, utg. Johannes Brøndum-Nielsen, Peter Skautrup og Allan Karker, 23–34. København: Rosenkilde og Bagger.
- Einarsdóttir, Ólafía. 1964. *Studier i kronologisk metode i tidlig islandsk historieskrivning* Bibliotheca historica Lundensis 13. [Danmark]: Gleerup.
- Ellehøj, Svend. 1965. *Studier over den ældste norrøne historieskrivning*. Bibliotheca Arnamagnaeana 26. København: Munksgaard.
- Halvorsen, Eyvind Fjeld. 1958. "Theodoricus Monachus and the Icelanders." I *Þriðji Víkingafundur, Third Viking Congress, Reykjavík, 1956*, utg. Kristján Eldjárn, 142–55. *Árbók hins íslenzka fornleifafélags*, fylgirit 1958. Reykjavík: Ísafold.
- Henrichsen, Carsten Lykke, utg. og oms. 1930. Adam af Bremen, *De hamburgske ærkebispers historie*. København: Schönberg.
- Louis-Jensen, Jonna. 1976. "Ari og Gregor." I *Nordiska Studier i filologi och lingvistik: Festskrift tillägnad Gösta Holm på 60-årsdagen den 8. juli 1976*, utg. Lars Svensson, Anne Marie Wieselgren og Åke Hansson, 273–79. Lund: Distribution, Studentlitteratur.
- Mundal, Else. 1984. "Íslendingabók, ættar tala og konunga æfi." I *Festskrift til Ludvig Holm-Olsen på hans 70-årsdag den 9. juni 1984*, utg. Bjarne Fidjestøl et al., 255–71. Øvre Ervik: Alvheim & Eide (Akademisk forlag).
- Sigfússon, Björn. 1944. *Um Íslendingabók*. Reykjavík: Víkingsprent.
- Sigurðsson, Jón, og Guðbrandur Vigfússon, utg. 1858. *Biskupa sögur*. Bd. 1. København: S.L. Möller.
- Tómasson, Sverrir. 1988. *Formálar íslenskra sagnaritara á miðöldum*. Rit 33. Reykjavík: Stofnun Árna Magnússonar.